

OPERASJON


I LEVER

KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av kreft i lever.

LITT OM LEVRA

Levra ligg på høgre side av magen opp mot mellomgolvet, og er den største kjertelen i kroppen vår. Her blir blodet filtrert for giftstoff. Levra skil ut galle som er med på å bryte ned maten i tarmen og regulerer mengda av næringsstoff i blodet. Kreft i levra er som oftast eit resultat av kreft i tjukktarm eller endetarm som har spreidd seg til levra. Det er heller sjeldan at kreft primært oppstår i levra.



www.dreamstime.com

Levra har stor evne til å regenerere. Det betyr at når delar av levra er fjerna kan levercellene som er att reproduksjonsevige veks opp mot normal storleik. Målet med operasjonen er å fjerne svulst eller metastasar.

Legen vil forklare deg kva som er gjort under operasjonen

Operasjon av lever kan bli utført ved hjelp av:

1. Open kirurgi
2. Kikkholkskirurgi
3. Radiofrekvensablasjon: Svulsten blir brent vekk ved hjelp av radiofrekvensenergi.

STING

Sting eller stiftar må takast ut tolv til fjorten dagar etter operasjonen. Dersom du er utskriven frå sjukehuset på den tida, må du sjølv avtale time hos legen din for å få fjerna sting eller stiftar.

SMERTESTILLANDE

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarar seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterkare smertestillande får resept før heimreise.

KONTAKT LEGE

Ta kontakt med lege dersom du får nokre av desse symptomata:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud



www.colorbox.com

NÆRINGSRIK MAT

Du kan ete vanleg mat og drikke. Hos enkelte kan blodsukkeret vere ustabilt første tida. Det er viktig å prøve å få i seg nok næring. Et heller ofte, små og næringsrike måltid.



AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter og kvile ofte. Fysioterapeuten vil gi deg god informasjon om øvingar som passar for deg.

HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei første tre vekene etter operasjonen. God hygiene hindrar infeksjon.

ALKOHOL

Dersom du brukar antibiotika bør du ikkje drikke alkohol fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.

OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll hos ein av kirurgane som opererte deg omtrent seks veker etter operasjonen. Føremålet med denne kontrollen er å sjå til at tida etter operasjonen har gått som forventa. Legen vil gå gjennom svara på eventuelle prøvar tatt under operasjonen og snakke med deg om kva som kan vere eit aktuelt opplegg for deg i tida framover. Vi sender brev til fastlegen din der vi informerer om sjukdommen din og kva som er gjort under operasjonen.

I mellomtida må du vere merksam på komplikasjonar etter operasjonen og følgje anbefalingane ovanfor.

KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinik: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....

NOTAT

NOTAT

KONTAKTINFORMASJON

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42.

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300